

# VEDTEKTER

for

## nærings- og konsesjonsavgiftsfondet i Lærdal kommune

### § 1 Fondskapital og heimel

a) Fondskapital er:

Næringsfond med grunnkapital på kr. 205 000,- innbetalt av Østfold fylke i medhald av konsesjonsvilkåra for utbygging av Lærdalsvassdraget, fastsett ved kgl. resolusjon av 7. oktober 1966.

b) Tilføring til fondet:

- Årlege konsesjonsavgifter, som vert innbetalte av Østfold Energi A/S i medhald av pkt. 3 i konsesjonsvilkåra for utbygging av Lærdalsvassdraget
- Renter og anna avkastning av fondskapitalen

Alle konsesjonsavgifter, renter og anna avkastning skal takast til inntekt for Kraftfondet og må disponerast i samsvar med vedtektene. Fondskapitalen kan ikkje brukast til lån eller tilskot.

### § 2 Internasjonalt regelverk

Bruken av fondet skal vere i samsvar med det internasjonale regelverk Noreg har slutta seg til på statsstøtteområdet.

### § 3 Føremål

Fondet skal fortrinnsvis brukast til næringsføremål som t.d. støtte til verksemder, tilrettelegging for næringsutvikling i regi av kommunen, stadsutvikling, ulike typar utviklingsarbeid m.m.

Fondet skal vere eit verkemiddel for å oppnå måla i næringsplanen.

### § 4 Bruk av fondet

a) Fondsmidlane kan ikkje nyttast til å dekke løpande drift av kommunen, bortsett frå renter og avdrag på investeringar som er gjort i tråd med fondet sitt føremål. Unntaket her også avlønning av næringsseier eller tilsvarande for å forvalte fondet. Fondet kan og nyttast til kommunale investeringar i varige driftsmiddel.

b) Støtte til næringsutvikling

- Forprosjekt
- Tilskot
- Lån

Samla stønad skal ikkje utgjere meir enn 50% av kapitaltrongen.

Det kan ikkje gjevast støtte til bedrifter for å dekke renter og avdrag på lån til eller løpande drift. Det bør ikkje gjevast støtte til verksemd som mottek betydelege overføringar over statsbudsjettet

Midlane bør ikkje nyttast til aksjeteikning i private verksemdar. Dersom det vert teikna kommunale aksjar, kan ikkje dette utgjere meir enn 30 % av aksjekapitalen i verksemda. Denne avgrensinga gjeld ikkje utviklingselskap, utleigebygg og liknande. Som kommunen etablerer i samarbeid med private interesser.

## **§ 5 Krav til søknad om tilskot**

Som vedlegg til søknaden, skal ligge ein forretningsplan som gjer greie for:

- Bakgrunn og mål for tiltaket
- Behovs- og marknadsvurdering
- Tids- og aktivitetsplan
- Oversikt over investeringar og andre kostnader, med finansieringsplan
- Driftsbudsjett over 3 år
- Risikovurdering
- Eksisterande verksemdar skal leggje ved siste års rekneskap

Det kan gjevast tilskot på inntil 50%, men avgrensa opp til kr 20.000, til konsulentbistand, kostnader ved marknadsundersøking/-vurdering og reiseutgifter i samband med utarbeiding av forprosjekt. Søknad om tilskot til forprosjekt må vere grunngjeve, og så godt dokumentert som mogleg.

## **§ 6 Sakshandsaming**

Alle søknader skal ha svar med orientering om framdrift og forventa tidspunkt for avgjerd innan 3 veker etter mottak. Lærdal kommunestyre er fondstyre. Kommunestyret kan delegere avgjerdsrett i samsvar med reglane i rundskriv H- 1/11.

### **Ved tildeling frå fondet skal det leggjast vekt på:**

- Tilhøve til gjeldande næringsplan og/eller vedtekne planar/satsingar
- Om tiltaket baserer seg på Lærdal sine strategiske konkurranseføremoner
- Miljø
- Om tiltaket gir positive ringverknader for næringslivet i kommunen
- Om tiltaket gjeld fellestiltak for fleire verksemdar/næringar
- Om tiltaket har ein positiv sysselsetjingseffekt, særleg heilårsarbeidsplassar
- Om tiltaket fører til lønnsam produksjon av varer eller tenester
- Om tiltaket har eit godt underbygd marknadspotensiale
- Om tiltaket tek sikte på kompetanseheving og bedriftsutvikling
- Evna søkjar har til å gjennomføra tiltaket
- Om søkjaren er kvinne eller ungdom
- Det vert ikkje gitt tilskot til tiltak som er sett i verk før søknad er sendt til kommunen.

### **Ved tildeling frå fondet skal det setjast vilkår for tildeling:**

- Mottakar skal uoppfordra senda inn årsrekneskap til kommunen eller den kommunen har gjeve avgjerdsrett, i tre år etter at tilskot er gjeve.
- Det kan krevjast høvesvis tilbakebetaling av tilskot dersom verksemdar som får tildelt tilskot går ut av drift, eller flyttar frå kommunen, innan to år etter at beløpet er utbetalt.

### **§ 7 Utbetaling av tilskot**

Ulike utbetalingsmodellar som kan nyttast;

1. Utbetaling av inntil kr 25 000 når tilsegn er gjeve, resten ved avslutta prosjekt
2. Utbetaling av alt tilskot ved avslutta prosjekt
3. Utbetaling av 50% halvvegs i prosjektet, og resten ved avslutta prosjekt.
4. Utbetaling i 3 like store deler; ved oppstart, midtvegs og avslutta prosjekt.
5. Utbetaling etter individuell utarbeidd avtale, der minimum 25% ikkje vert utbetalt før prosjektet er avslutta.

### **§ 8 Forvaltning**

Ved forvaltning av fondsmidlane skal det leggjast vekt på låg finansiell risiko og høg likviditet. Renter vert å tilbakeføre til fondet.

Vedtak i saker som gjeld søknad om stønad frå fondet er enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2 og kan påklagast etter reglane i forvaltningslova § 28, andre lekk. I den grad tildeling av midlar er delegert, er fondstyre klageorgan. Ved klage på tildelingar i fondstyret, er Fylkesmannen i Sogn og Fjordane klageinstans.

### **§ 9 Årsmelding**

Det skal kvart år lagast melding om bruk av fondsmidlane. Meldinga skal innarbeidast som del av årsmeldinga for kommunen og leggjast fram for kommunestyret. Kopi skal sendast fylkesmannen og fylkeskommunen.

### **§ 10 Godkjenning av vedtektene**

Endring av desse vedtektene kan gjerast av kommunestyret. Vedtaket treng godkjenning av fylkesmannen. Kommunen kan klaga fylkesmannen si avgjerd inn for Kommunal- og regionaldepartementet. Kopi av godkjende vedtekter skal sendast fylkeskommunen.

Siste revisjon:

Kommunestyret, møte 20.03.14, sak 010/14